



Er du misfornøgd med tilbodet i barnehagen?

Dersom du er misfornøgd med forhold i barnehagen må du ta det opp med pedagogisk leiar eller styrar. Det er leiinga i barnehagen som er ansvarleg for tilbodet, og som skal samarbeide med alle foreldre. Dersom det gjeld generelle forhold i barnehagen, kan du også ta det opp med samarbeidsutvalet i barnehagen. Alle barnehagar skal ha eit samarbeidsutval som er samansett av representantar frå foreldre og tilsette i barnehagen, og eventuelt eigaren.

Å varsle er å seie i frå om kritikkverdige tilhøve. Dette kan gjelde saker som er i strid med lover og reglar, barnehagen sine retningsliner/vedtekter eller alminneleg oppfatning om kva som er forsvarleg eller etisk akseptabelt. Varsling kan skje muntleg eller skriftleg, og bør normalt skje på lavast mogleg nivå der utfordringa er.

Her er nokre døme på kven du bør varsle, og vegen vidare dersom klagen ikkje vert fylgd opp:

Klager som gjeld:

- **Enkeltbarn:** Pedagogisk leiar – styrar – barnehageeigar – barnehagemyndigheita i kommunen – Fylkesmannen
- **Avdeling:** Pedagogisk leiar – styrar – samarbeidsutvalet – barnehageeigar – barnehagemyndigheita i kommunen – Fylkesmannen
- **Tilsette:** Styrar – barnehageeigar – barnehagemyndigheita i kommunen
- **Barnehagen:** Styrar – samarbeidsutvalet – barnehageeigar – barnehagemyndigheita i kommunen – Fylkesmannen
- **Styrar:** Barnehageeigar – barnehagemyndigheita i kommunen – Fylkesmannen

Klager som går til barnehagemyndigheita bør skje skriftleg. For å få best mulig gjennomslag for dine synspunkt er det viktig å sørge for god dokumentasjon. Dersom du treng råd og rettleiing i di sak kan du også ta kontakt med FUB (Foreldreutvalet for barnehagar):

www.fubhg.no